



# FJELL KOMMUNE

## DETALJREGULERING – REGULERINGSFØRESEGNER FOR NY FV 561 KOLLTVEIT – ÅGOTNES

Jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-7.

Saksnr. 2017/1172, 20/4380

Nasjonal arealplan-ID: 1246-20150014

Vedteken: 12.12.2019

Sist revidert: 18.11.2019

## FØRESEGNER (PBL § 12-7)

### MÅL MED PLANEN

Reguleringsplanen er ein detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-2.

Planen skal legget til rette for ei rask, effektiv og trafikksikker trafikkåre mellom Kolltveit og Ågotnes i Fjell kommune. Veganlegget og kryssa er optimalisert for å gje gode tilhøve for næringstrafikk, privatbilisme og kollektivtrafikk. På Kolltveit og Ågotnes er det også tilrettelagt for gåande og syklande. Inngrep i nærmiljø og landskap er avgrensa så godt som mogleg og mellombelse rigg- og anleggsområde er spesifiserte.

Vegen skal også inngå i ein framtidig oppgradert transportkorridor frå lengst sør i Sund kommune til lengst nord i Øygarden kommune og med kopling til Rv. 555 til Bergen.

### FORMÅL

Området blir regulert til følgande formål, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 12-5, tredje ledd:

- a) Nr. 1. Bygningar og anlegg
  - Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)
  - Industri (BI)
  - Næring og tenesteyting (BKB)
- b) Nr 2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:
  - Køyreveg (SKV)
  - Fortau (SF)
  - Gang-/ sykkelveg (SGS)
  - Gangveg/gangareal (SGG)
  - Sykkelveg/-felt (SS)
  - Annan veggrunn - tekniske anlegg (SVT)
  - Annan veggrunn - grøntareal (SVG)
  - Kollektivhaldeplass (SKH)

- Parkeringsplassar (SPP)
- Angitt samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre hovedformål (SAA)
- c) Nr. 3. Grønstruktur
  - Park (GP)
- d) Nr. 5. Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift:
  - LNFR areal for nødvendig tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)
  - Spreidde bustader (LSB)
- e) Nr. 6. Bruk og vern av sjø og vassdrag:
  - Bruk og vern i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)
  - Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV)
  - Kombinerte formål i sjø- og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitte hovedformål (VAA)

I planen er det regulert områder til følgende omsynssoner, jf. PBL § 12-6:

- a) Sikringssone:
  - Frisikt (H140)
- b) Støysone:
  - Raud sone etter Rundskriv T-1442 (H210)
  - Gul sone etter Rundskriv T-1442 (H220)
- c) Faresone:
  - Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler) (H370)

I planen er det regulert områder til følgande føresegnområde, jf. PBL § 12-7:

- d) Krav om særskild rekkefølge for gjennomføring av tiltak (#)
- e) Anlegg- og riggområde (#)

## §1 FELLES FØRESEGNER

Felles føresegner gjeld for heile planområdet dersom anna ikkje er spesifisert.

### 1.1 Avgrensing av planen

Det regulerte området er vist på plankart med reguleringsgrense. Innan reguleringsgrensa skal areala disponerast som vist på planen.

Reguleringsplanen består av 30 reguleringskart (18 på grunnen, 7 i tunnel/kulvert (under grunnen) og 5 på bru (over grunnen), desse reguleringsføreseggnene og planskildring.

### 1.2 Dei tekniske teikningane i samsvar med teikningsliste, samt Notat for anleggsgjennomføring (datert 18.11.2019), YM-plan datert 18.11.2019, Notat – VA og overvatn datert 06.03.2018 og Formingsrettleiar datert 23.03.2018 er retningsgivande for disponering av planområdet.

### 1.3 Kulturminner

Dersom det under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet kjem fram automatisk freda kulturminner, må arbeidet stansast straks og kulturminnevernmynde må få melding for nærmare undersøking av staden, jf. kulturminneloven § 8.2 ledd.

1.4 Plan for ytre miljø

Det er utarbeidd ein plan for ytre miljø (YM-plan) for reguleringsplanen, datert 18.11.2019. Tiltak skildra i YM-plan, kapittel «3 Tiltak», skal leggast til grunn for detaljprosjektering, bygging og drift av anlegget. YM-planen skal reviderast og detaljerast ved detaljprosjekteringa.

1.5 Skjeringar, murar og skrentar over 1,5m skal sikrast med gjerde eller likande.

1.6 Vern mot ureining

Ureining i vatn

Før anleggsarbeidet startar opp skal Fylkesmannen vurdere behov for utsleppsløyve etter forureiningslova, § 11. Forslag til miljørisikovurdering og miljøovervakningsprogram for vassmiljø i anleggsfase skal inngå.

Forureina grunn

Dersom ein avdekker forureina grunn eller massar som ein mistenker å vere forureina, skal det utførast miljøgeologiske grunnunderskingar. Trong for utarbeiding av tiltaksplan for forureina grunn må vurderast. Forureina massar skal handterast forsvarleg.

1.7 Tilgjenge

Prinsippet om universell utforming skal i størst mogleg grad ligge til grunn ved prosjektering av veganlegget, inklusiv areal for gåande- og syklande og kollektivhaldeplassar.

1.8 Støy

Anbefalingane i gjeldande «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging», skal følgast. På strekningar der støyen ikkje kan dempast tilstrekkeleg langs vegen, må det vurderast lokale støytiltak.

1.9 Avkøyringar

Pilene som viser plassering av avkøyringar på plankartet er rettleiande, men frå kva veg tomta skal ha tilkomst, er bindande. Ved justering av plasseringa, skal det dokumenterast at avkøyrsla ikkje kjem i konflikt med kryss, kurvatur, sikt o.l.

Avkøyrslene skal oppfylle fysiske krav gitt av vegmynde, medrekna krav til sikt.

1.10 Overvatn og anlegg for vatn og avløp

Det er utarbeidd Notat - VA, overvatn og vassdrag, datert 06.03.2018 og GHI teikningar. Desse skal leggast til grunn for detaljprosjektering, bygging og drift av anlegget. I anleggsfasa skal vatn handterast som skildra i YM-plan.

1.11 Krav til utforming og estetikk - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Formingsrettleiar

Arkitektonisk kvalitet og heilskap skal leggast vekt på i prosjektet. Det er utarbeidd ein formingsrettleiar, datert 23.03.201, for utforming av konstruksjonar, sideareal og revegetering som skal vere rettleiande for den vidare detaljprosjekteringa.

Vegetasjon og val av materialar

Eksisterande vegetasjon skal så langt det er mogleg, takast vare på.

Nytt veganlegg med tilhøyrande anlegg skal utførast slik at det blir best mogleg tilpassa eksisterande terren og områda rundt. Skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terren slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terren blir så naturleg som mogleg.

Det skal ikkje nyttast framande artar med høg risiko for spreiing i plantevalet.

Utforming og val av materialar knytt til tekniske anlegg og -element, skal gå fram av plan og teikningar i detaljprosjektet. K- og O-teikningane i planframlegget skal vere retningsgjevande i utforminga.

## **§2 UTFYLLENDE PLANER OG DOKUMENTASJON**

I detaljprosjekteringen skal det vurderast behov for meir detaljerte grunnundersøkingar i tråd med geoteknisk rapport. Dette gjeld ved profil 100-170 (toplankryss på Kolltveit), ved profil 400 (vegfylling i og nær vatn), ved fundamentering av brufundament i Nordravatnet og Morlandsvatnet, mellom profil 5100-5270, mellom profil 6680 og 6860 (Skulehusvatnet), profil 7100-7150, profil 7680-7710, for dei to myrområda der det er registrert silt og leire under myrmassane.

## **§3 REKKEFØLGEKRAV**

- 3.1 Veganlegget skal opparbeidast i tilstrekkelig grad for å ta vare på framkomst og tryggleik for alle trafikantgrupper og i samsvar med miljømessige krav innanfor areal som vist på reguleringsplanen og omtalt i reguleringsføresegnene.
- 3.2 Kollektivterminalen på Ågotnes må flyttast før anleggsarbeid for o\_SKV1 frå profilnummer 7600-7900 og o\_SKV9 kan igangsettast.
- 3.3 Gang- og sykkelveg o\_SGS7 (Ågotnes) skal vere kopla på eksisterande gangvegssystem før veganlegget tas i bruk.
- 3.4 Gang og sykkelveg o\_SGS4 langs Fjæreidevegen (o\_SKV5) skal vere ferdig opparbeidd som vist i reguleringsplanen før Fjæreidevegen kan takast i bruk som anleggsveg.
- 3.5 Ny felles tilkomstveg f\_SKV14 til gnr. 24, bnr, 4, 91, 93 og 142 skal vere ferdig opparbeidd som vist i reguleringsplanen samtidig med veganlegg.
- 3.6 Omlegging av bekk i Vardakleivatnet og stenging av austre bekkeløp frå Skulehusvatnet skal vere ferdig opparbeidd før arbeid med veganlegg som påverkar vasstilhøva eller fiskevandringen i Angeltveitvassdraget, vert i verksatt. Bekketiltaka må utførast i samsvar med Ytre miljøplan og Notat - VA, overvatn og vassdrag. Bekketiltaka skal utførast på tidspunkt som gjev minst mogleg ulempe for fiskens i vassdraget. Biologisk (inklusiv fiskebiologisk) og hydrologisk kompetanse må takast inn i samband med utforming av tiltaka.

- 3.7 Det er varslingsplikt for anleggsarbeid (med maskinar, utstyr mv.) som kan nå innanfor 30 meter fra ytterste straumførande leidning. Anleggsarbeidet for bygging av veganlegget innanfor varslingssona og byggeforbodsbelte skal avklaras mellom entreprenør og netteigar før anleggsstart.
- 3.8 Før veganlegget blir tatt i bruk skal følgande vere ferdig opparbeidd som vist på reguleringsplanen og i reguleringsføresegne:
  - Lokale støyskjermingstiltak.
  - Naudsynt omlegging av vatn- og avløpsleidningar, høgspenteleidningar, fordelingsnett for straum og for tele-/tv-/datakommunikasjon o.l.
  - Handsaming av terreng og tilplanting /tilsåing skal ferdigstilla samstundes med resten av anlegget
- 3.9 Før iverksetting av tiltak i medhald av planen, skal det gjennomførast ei arkeologisk utgraving av dei automatisk freda kulturminna ID 219651 og ID 236645 som er merkna som område for føresegne #12 og #13 i plankartet. Tiltakshavar skal ta kontakt med Vestland fylkeskommune i god tid før tiltaket skal gjennomførast, slik at omfang av den arkeologisk granskingsa kan bli fastsett.
- 3.10 Nettstasjonen i o\_SGS9 på Ågotnes må flyttast før anleggsarbeid for o\_SKV11 og o\_SGS9 kan igangsettast.

#### **§4 EIGARFORM**

- 4.1 Alle samferdselsformål innanfor planen unntatt SKV14 og p\_SGS2 skal vere offentlege. SKV14 er felles eige for gnr/bnr 24/4, 91, 93, 142.  
p\_SGS2 er privat gangveg som kan nyttast for traktor.

#### **§5 BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5 NR. 1)**

- 5.1 Offentleg eller privat tenesteyting (BOP)  
Området BOP kan nyttast til offentleg eller privat tenesteyting. Områda skal bli del av skule og idrettsområda i tilgrensande reguleringsplan planID 20070042. Utnyttingsgrad, byggehøgder og andre rammer for utvikling skal vere lik som i tilgrensande reguleringsplan planID 20070042 Reguleringsplan Tranevågen, Ågotnes, ny ungdomsskule.
- 5.2 Området BI kan nyttast til industriformål.  
Områda BI skal bli del av industriformåla i tilgrensande reguleringsplan, planID 19830003. Utnyttingsgrad, byggehøgder og andre rammer for utvikling skal vere lik som i tilgrensande reguleringsplan, planID 19830003.
- 5.3 Næring og tenesteyting (BKB)  
Området kan nyttast til næring eller tenesteyting. Områda BKB skal bli del av næring og tenesteytingsformåla i tilgrensande reguleringsplan planID 19860002. Utnyttingsgrad, byggehøgder og andre rammer for utvikling skal vere lik som i tilgrensande reguleringsplan planID 19860002 Reguleringsplan Ågotnes-Vindenes.

#### **§6 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5 NR. 2)**

- 6.1 Før utbygging av veganlegget, skal det utarbeidast detaljprosjekt for samferdselsanlegga og tilhøyrande teknisk infrastruktur.
- 6.2 Ved detaljprosjektering av trafikkområda kan det gjerast endringar av grensa mellom dei ulike trafikkformåla.
- 6.3 Ved overgang til eksisterande veganlegg kan det gjerast tilpasingar av vegstandard.
- 6.4 Veganlegget kan byggjast i etappar. Det kan gjerast endringar for å tilpasse til etappevis utbygging. På Kolltveit avvik byggetrinnsløysing frå regulert veganlegg. Byggetrinn tilpassa Sotrasambandet må byggast slik at flest mogleg element kan nyttast ved full utbygging. Tekniske teikningar for byggetrinnsløysing Kolltveit 05.06.2018 skal vere retningsgivande for byggetrinnsløysinga på Kolltveit.
- 6.5 Køyreveg

Offentleg køyreveg.

Offentleg køyreveg SKV er regulert med linjeføring og breidde som går fram av plankart. Tekniske tegningar (C-teikningar) skal vere rettleiande. Vegen skal ha høgde +/- 1m og vertikalkurvatur som illustrert på lengdeprofil for kvar teikning.

Køyrevenen SKV\_1 kan opparbeidast som 2-feltsveg med linjeføring som regulert veg.

- 6.6 Bruer og tunnelar

Innanfor område regulert til SKV1 skal det kunne etablerast bru i vertikalsnivå over grunnen eller kulvertar i vertikalsnivå under grunnen. Tekniske teikningar (C-, K- og O-teikningane), Rapport – forprosjekt konstruksjon datert 04.03.18 og formingsrettleiar datert 23.03.2018 skal vere rettleiande for utforming av alle bruver og tunnelar

Innanfor område regulert til o\_SKV2 skal det kunne etablerast kulvert i vertikalsnivå under grunnen.

Innanfor område regulert til park, o\_GP skal tunnel/miljølokk etablerast, jf. K-teikningar.

- 6.7 Gang- og sykkel

Gang og sykkelveg

Område o\_SGS er regulert til gang- og sykkelveg med fortau.

Det er for grunneigar av gnr 33, bnr 1 på Kolltveit tillatt å nytte gang- og sykkelvegen, o\_SGS2, som driftstilkomst til del av eigedomen som ligg vest for ny Rv 555.

Gangveg/gangareal

Områda o\_SGG er regulert til gangveg/gangareal på grunnen.

Områda o\_SGG1 er regulert til gangveg/gangareal i kulvert (under grunnen).

Områda p\_SGG2 er regulert til gangveg/gangareal i kulvert (under grunnen). p\_SGG2 kan nyttast som køyreveg for traktor.

Sykkelveg/sykkelfelt

Område o\_SS er regulert til sykkelveg/sykkelfelt.

6.8 Annan veggrunn - teknisk anlegg

Område o\_SVT1 (Kolltveit)

Område skal nyttast til kontrollstasjon.

Omfattar område for kontroll av køyretøy med tilhørende bygg og anlegg, herunder kontrollstasjon, vekt for veging av køyretøy og parkering for personbil og modulvogntog.

Område o\_SVT2 (Ågotnes)

Formålet gjeld veggrunn som er naudsynt for å sikre tekniske installasjonar i samband med etablering og drift av tunnel/miljølokk. Det er lov med bygg for tekniske installasjonar og renseanlegg for tunnelvaskevatn. Endeleg plassering av installasjonar og bygg vert gjort i detaljprosjektering av veganlegget.

Utforming av områda skal følge prinsippa gitt i O-teikningar og formingsrettleiar.

Midtdelar o\_SVT3

Områda kan nyttast til midtdelar i veganlegga.

Vegvatn (Kolltveit)

Det er lov med utslepp og sedimentering av vegvatn frå veganlegget ut i eksisterande vatn via sandfang i samsvar med Notat VA – overvatn og vassdrag.

6.9 Annan veggrunn - grøntareal (o\_SVG)

Formålet gjeld veggrunn som er naudsynt for å sikre vegens etablering og funksjon, utanom sjølve vegarealet. Areala kan nyttast til skjeringar, fyllingar, masseutak, rekkverk, murar og grøfter, nettstasjon og andre tekniske installasjonar. Frisikt og andre krav til vegen skal oppretthaldast.

I o\_SVG i Kolltveitkrysset, Morlandsvegen og Fjærerieidevegen kan det etableras busshaldeplassar inkludert gangtilkomst. Tilkomst for gående må sikrast i samsvar med prinsipp for universell utforming.

Ved alle bruene og over fyllingen ved Knapskogvika i Morlandsvatnet, skal det tilretteleggast sti for å kunne passere til fots. Stiane er illustrert i plankartet. Traséen kan justerast for å få optimal terrengetilpassing. Kopling mellom eksisterande stiar og ny sti skal sikrast.

I o\_SVG på Kolltveit kan eksisterande traktorveg frå Kolltveitskaret vidareførast gjennom o\_SVG til kulvertane for traktor under o\_SKV2 og o\_SKV1 .

#### Formålsgrenser

Skråningsutslag er basert på tilgjengeleg kartgrunnlag og mindre avvik vil kunne skje som følge av uventa tilhøve, som til dømes grunntilhøve eller manglar i kartgrunnlaget. Dette kan føre til at areal som er disponert til vegformål vil fråvike noko frå det som går fram av formåls grensa i planen. Areal som ikkje blir disponert til vegformål, er føresett å få same formål som tilgrensande område.

Grensa mellom annan veggrunn - tekniske anlegg og annan veggrunn - grøntareal kan bli forskyvd noko ut frå anleggstekniske tilhøve.

#### Vegetasjon

Annan veggrunn-grøntareal gjeld m.a. områder der eksisterande vegetasjon skal takast vare på, områder der naturleg revegeterering er aktuelt etter etablering av veganlegget og områder som skal tilsaast eller tilplantast med buskar og tre, jf. O-teikningar og formingsrettleiar.

Områda innan formålet skal haldast ved like på ein tilfredsstillande måte ut i frå bruken for det enkelte grøntarealet. Vegetasjon kan fjernast i den utstrekning det er naudsynt for vedlikehald av veganlegget. Framande artar med høgrisiko for spreiing skal fjernast på ein forsvarleg måte.

Formingsrettleiaran og O-teikningar er retningsgjevande for utforming av Annan veggrunn - grøntareal.

#### Overvatn

Det skal leggast til rette for lokal handtering av overvatn med flomvegar og fordrøyning som vist i O-, G- og GHI-teikningar. Prinsipp i Notat -VA, overvatn og vassdrag, datert 06.03.2018, skal følgast.

Bekkar langs vegen skal haldast opne.

#### 6.10 Kollektivhaldeplass (SKH)

Området kan nyttast til haldeplass for buss. Plassering kan endrast ved detaljprosjektering.

#### 6.11 Parkeringsplassar (SPP)

Området kan nyttast til offentleg parkering.

Det kan ved prosjektering gjerast forskyvingar av grensa mot kontrollplassen for å oppnå optimale løysingar.

#### 6.12 Angitt samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre hovudformål (SAA). Innanfor SAA skal gjeldande plan gjelde i samsvar med følgjande liste:

Arealformål	Gjeldande plan
SAA1	<ul style="list-style-type: none"><li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li></ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- BGB1-2 Golfbane</li><li>- o_VFB2 Friluftsområde i sjø og vassdrag</li><li>- o_SVT3 Annen veggrunn - tekniske anlegg</li><li>- o_SVG Annen veggrunn - grøntareal</li></ul>
SAA2	<ul style="list-style-type: none"><li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li></ul>

	<p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SAA8 Angitte samferdselsanlegg og-eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål</li> </ul>
SAA3	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SAA6 Angitte samferdselsanlegg og-eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål</li> <li>• ID 1246 20150011 - 407 RP Stemmebakken, Kolltveit (33-9 mfl) - Erstatningsareal golfbaneKommuneplan 2015-2026</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 5100 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gårdstilknyttet næringsvirksomhet basert på gården ressursgrunnlag</li> </ul>
SAA4	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SAA4 Angitte samferdselsanlegg og-eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål</li> </ul>
SAA5	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SAA2 Angitte samferdselsanlegg og-eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål.</li> </ul>
SAA6	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ID 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- SAA1 Angitte samferdselsanlegg og-eller tekniske infrastrukturtrasear kombinert med andre angitte hovudformål</li> </ul>
SAA7	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ID 1246 20130020 - 390 KP Arealdelen til kommuneplanen (2015 - 2026)</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 1110 Boligbebyggelse</li> <li>- 2001 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (arealer)</li> <li>- 1160 Offentlig eller privat tjenesteyting</li> <li>- 6001 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone</li> </ul>
SAA8	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommuneplan 2015-2026</li> </ul> <p>Formål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 3040 Friområde</li> </ul>

Områda kan nyttast til mellombels rigg- og anleggsområde i byggeperioden.

Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til sitt opphavlege arealformål og settast i stand slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar. Områda skal ferdigstillast seinast 1 år etter at veganlegget er opna.

Etter at anlegget er avslutta går areala attende til regulert formål i eksisterande reguleringsplanar eller kommuneplanen sin arealdel.

I SAA5 på Kolltveit kan eksisterande traktorveg frå Kolltveitskaret vidareførast gjennom SAA5 til kulvert for trakor.

## §7 GRØNTSTRUKTUR (PBL § 12-5 NR 3)

### 7.1 Park

Området skal nyttast til park og aktivitetsområde. Området skal opparbeidast med varierte og aktivitetsfremmende tiltak for born og unge i alle aldersgrupper, og vere en sosial møteplass. Området skal møblerast på ein slik måte at opplevinga av avstand mellom skulen og sentrum vert redusert.

Det skal sikras naturlege ganglinjer med universell utforming som bind sentrum saman med skule- og idrettsområdet. Det kan etablerast snarvegar som ikkje stettar krava til stigning i høve UU.

Området skal ha eit grønt preg. Vegetasjon må ikkje fjerne visuell kontakt med sentrum og skuleområdet. Det må sikrast gode overgangar mot tilstøtande terreng og vegar.

Områda skal tilretteleggjast etter ein samla situasjonsplan.

## **§8 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL (PBL § 12-5 NR. 5)**

- 8.1 LNFR areal for nødvendig tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden.  
For LNF-områda L skal føresegna i tilgrensande kommuneplan, arealdelen til kommuneplan 2015-2026 (landbruk), (vedtatt 18.06.2015) fortsatt gjelde.

- 8.2 Spreidde bustader.

For området LSB skal føresegna i arealdelen til kommuneplan 2015-2026, (vedtatt 18.06.2015) fortsatt gjelde.

## **§9 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (PBL § 12-5 NR. 6)**

- 9.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)  
Området er del av Storavatnet med ein demning i nordre del.

Vatnet skal sikrast med så stor vasspegel som mogleg.

Demninga skal oppretthalde sin funksjon som vassregulerande element.

- 9.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag (VFV)

Området skal vere tilgjengeleg for ålment friluftsliv.

Bekkeløp ved Skulehusvatnet og Vardakleivatnet, skal opparbeidast med fall- og botnforhold tilrettelagt for fiskevandring. Ny kantvegetasjon langs bekkane skal etablerast med masseplanter av stadeigne artar. Breidde på vegetasjonssoner langs bekkeløp går fram av O-teikning.

- 9.3 Angitt formål i sjø og vassdrag med eller utan utan tilhøyrande strandsone kombinert med andre angitt hovudformål. (VAA)

Formålet gjeld sjø- og vassdragsområde som er naudsint for vegens etablering og kan nyttast til fyllingar.

Vatna skal reetablerast med så stor vasspegel som mogleg.

Ny kantvegetasjon langs nyetablert strandsone/vatnlinje skal etablerast med masseplanter av stadeigne artar. Breidde på vegetasjonssoner langs bekkeløp går fram av O-teikning.

## **§10 OMSYNSSONER (PBL § 12-6)**

#### 10.1.1 Frisikt

Innan område H140 skal det være frisikt i høgde 0,5 meter over tilgrensande vegar sin køyrebane.

10.2 Raud støysone frå vegtrafikk er vist som omsynssone H210 på plankartet med skravur.

10.3 Gul støysone frå vegtrafikk er vist som omsynssone H220 på plankartet med skravur.

#### 10.4 Høgspenningsanlegg (inkludert høgspentkabler)

Areal innan området H370 (høgspenningsanlegg) skal ikkje byggast ut eller brukast på ein måte som er i strid med restriksjonane i fareområdet. Eventuelle tiltak innan området, samt tiltak med maskinar og utstyr som kan nå innanfor 30 meter frå ytterste straumførande linje (varslingsavstand for anleggsarbeid), skal godkjennast av linjeeigar.

## §11 FØRESEGNOMRÅDER (PBL § 12-7)

#### 11.1 Rekkefølgekrav

Føresegnsområde #12-13 er automatisk freda kulturminne (Askeladden ID 236645 og Askeladden ID 219651) med særskilt krav om rekkefølge for gjennomføring av tiltak, jf § 3.9

#### 11.2 Anleggs- og riggområde

Føresegnsområda #1-8 og #10 kan nyttast som anleggs- og riggområde i byggeperioden. Det kan gjennomførast naudsynte inngrep og anleggsarbeid for bygging av veganlegget. Dette gjeld også lagring av massar, brakkerigg og lager, samt tilkomst for veganlegget. I sjøområda er det lov med ankring av lekter/båt innan det regulerte anleggs- og riggområdet.

Føresegnsområde #12-13 kan nyttast som anleggs- og riggområde når dei automatisk freda kulturminala er undersøkt og frigiven av kulturminnemynde.

Etter at anlegget er avslutta skal områda førast tilbake til den stand dei var før anleggstart. Områda skal ferdigstillast seinast 1 år etter at veganlegget er opna.

Anleggsarbeidet skal gjennomførast i samsvar med retningslinjer gjeve i YM-plan. Formålet opphører og skravuren fjernast frå planregisteret når veganlegget er overtatt til planlagt bruk. Områdene skal etter dette nyttast til dei formål dei er regulert, og med reguleringsføresegner fra gjeldane planer, jf § 6.12.

#### Framande artar med høgrisiko for spreiing

Før anleggsstart skal registrerte framande artar med høgrisiko for spreiing i planområdet verte fjerna på ein forsvarleg måte med tanke på å hindre spreiing. Det same gjeld massar som kan innehalde spreingsdyktige plantedelar.

#### Golfbane

Under anleggsperioden må det bli sikra gangsamband mellom alle område avsett til golfbane, BGB1-BGB4 i plan 1246 20130001 362RP – RV 555 Delstrekning Kolltveit – Bildøystraumen, og ut til eksisterande golfbane nord og sør for planområdet.

11.3 Støy

Støy fra bygge- og anleggsverksemd skal halde seg innan grensene i gjeldane retningsliner for støy.

11.4 Fylling i sjø og vavn

Ved fylling i vavn skal siltgardin utplasserast for å minske spreiing av finpartiklar og forureining under utfylling. Spreiing av partiklar skal overvakast ved målingar av turbiditet.

Forureina sediment skal vere dekt til før fylling med nye steinmassar i sjø og vatn.

Fylling i sjø skal ikkje skje i perioda 15. mai – 15. september (periode for mudre- og dumpeforbod) for å avgrense negative effektar på marint miljø.

11.5 Tiltak for å hindre direkte avrenning til vassførekomstar i anleggsfasen skal detaljerast før anleggsstart og skildrast vidare i YM-plan.

---

**VEDLEGG**

A. Rettleiande

YM-plan datert 18.11.2019

Notat – VA og overvatn datert 06.03.2018

Notat – Anleggsgjennomføring datert 18.11.2019

Formingsrettleiar datert 23.03.2018

Tekniske teikningar:

Teikningar i høve til teikningshefte, datert 18.11.2019

Teikningshefte Byggetrinnsløysing Kolltveit 05.06.2018